



# Bremanger kommune

**JournalpostID:** 26/2677  
**Sakshandsamar:** Håkon Welle  
Glomset  
**Dato:** 02.03.2026

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
023/26	Formannskapet	12.03.2026

## Detaljregulering Klausen Industrier handsaming for offentlig ettersyn

### Vedlegg:

Vurdering av områdestabilitet

Vegteikning

ROS-analyse

VAO-Rammeplan

Planføresegner

Planomtale

Plankart

REF-Dialogmøte\_Bru\_Eigedom\_05-11-2025

REF-Dialogmøte\_VLFK\_30-01-2026

Referat frå planoppstartmøte for reguleringsplan Klausen Industrier, planID 4648.202502

### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

I medhald av plan- og bygningslova §§ 12-10 og 12-11 blir detaljreguleringsplan for Klausen Industrier, planID 202502, lagt ut til offentlig ettersyn.

### Bakgrunn for saka:

Klausen Industrier Svelgen AS si verksemd på gbn 38/301 og 38/356 arbeider med ei rekke ulike aktørar innan industri, bygg og anlegg, og vassverk/drikkevassforsyning. Arbeidet omfattar reoperasjon og vedlikehald av produksjon- og driftsutstyr, i tillegg til produksjon av stålkonstruksjonar.

Grunna auka aktivitet er det utarbeida ein detaljreguleringsplan som skal sikre framtidige behov. Planen skal legge til rette for etablering av ny industrihall i tilknytning til eksisterande hall, ein parkeringsplass for dei tilsette, samt sikre ny tilkomst frå avkøyrsla i sør frå fv. 614 Gunnar Schjelderups veg.

Etter oppstartsmøte med kommunen den 17.06.25 varsla plankonsulent Norconsult Norge AS oppstart av planarbeid den 25.08.2025. Detaljreguleringsplan Klausen Industrier skal behandlast av formannskapet før det kan leggjast ut til offentlig ettersyn. Deretter skal planforslaget behandlast på nytt i planutvalet, med innkomne merknader, og det kan ev

gjera endringar i planen. Planen skal endeleg vedtakast av kommunestyret, og då blir reguleringsplanen bindande for arealbruken innanfor planområdet

### **Formannskapet 12.03.2026:**

### **Handsaming:**

Ordførar orienterte i saka.

Svein Olav Senneset, V- viktig at ein legg til rette for at næringsverksemdar får utvikle seg.

### **FSK- 023/26 Vedtak:**

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

**I medhald av plan- og bygningslova §§ 12-10 og 12-11 blir detaljreguleringsplan for Klausen Industrier, planID 202502, lagt ut til offentlig ettersyn.**


### **Aktuelle lover, forskrifter avtale mm:**

Planen er utarbeidd som ein detaljreguleringsplan i samsvar med plan og bygningslova § 12-3 og § 4-2. Risiko- og sårbarheitsanalyse i samsvar med § 4-3 i plan og bygningslova.

### **Saksopplysningar:**


I arealdelen for Bremanger kommune er området satt av til landbruk, natur – og friluftsområde (LNFR), næringsområde (noverande) og næringsområde (framtidig).

Planområdet omfattar gbnr 38/356, 38/413 og 38/301. Eksisterande hall på 38/301 inngår også i dette området. Plangrensa er satt for å sikre det arealet som er naudsynt med omsyn til siktsoner mot fv. 614 *Gunnar Schjelderups veg* samt vegtilkomst frå sør og utbyggingsområda der Klausen Industrier ynskjer å utvide verksemda si. Området mot strandsona har ein annan tiltakshavar, og det er avklart at desse areala ikkje inngår som del av planen.



Arealplan for Bremanger kommune med planområdet stipla i raudt.


I sør er delar av arealet for gjeldande *Reguleringsplan for Fv. 614 gang- og sykkelveg Svelgen* (plan-id 4648\_201801) er føresett gjort om til køyreveg inkl. annan veggrunn, grønt. Planen skal framleis gjelde og er direkte vidareført med oppdaterte siktsoner og byggegrense mot Fv.614 som del av planframlegget er føresett endra til 6,25 meter frå gang- og sykkelveg. Resterande LNFR(L) område mellom fylkesveg og BN49 er føresett omgjort til industriområde. Plangrense mot strandsona i vest vert sett av til LNFR (L) føremål, med mellombels bygge- og anleggsområde i anleggsfasen, og ved etablering av naudsynt mur mot fjorden.




Plankart for området.

Det er lagt opp til å sprengje ut deler av terrenget sørvest for eksisterande hall og nord for fylkesveg slik at ny hall blir plassert på same nivå som eksisterande (omkring kote +17,4). Overskotsmassar vert planert ut eller fjerna. Eit overslag frå Norconsult synar at massane ynskt teke ut utgjør samla volum på 3.300 m<sup>3</sup>.

Byggegrense mot fylkesveg er fastsett, men endeleg plassering, orientering og utforming av ny hall er ikkje fastsett. Alternativa for plassering er vinkelrett eller parallelt med fylkesveg. Høgde og grunnflate vil vere lik eksisterande hall med noko avvik. Dette utgjør ca. 750m<sup>3</sup>, med lengde og bredde på 33x18 meter. Det er lagt til grunn maks møne- og gesminshøgde på 9,5 meter. Eksisterande hall er omkring 8,8 meter høg som gir ein differanse på ca. 70 cm.





Drifta krev interne vegar i området for å frakte materiell inn og ut av hallane, og dei tilsette treng plass til parkering inne på området. Det er lagt til grunn at det skal etablerast minst ein parkeringsplass for bil per 100 m<sup>2</sup> bruttoareal innanfor formålet Industri (IND) til dei tilsette.

Det er ikkje registrert naturverdiar innanfor planområdet, men der er to registrerte Asketre som er klassifisert som sterkt trua. Der er òg tre registreringar av Platanlønn, samt Sibirhagtorn som begge er framandartar med klassifisering svær høg- og høg risiko.

Areal avsett til LNFR (L) i gjeldande plan som er føresett til Industri og køyreveg i planframlegget vil medføre at noko skog får tapt.

### **Vurdering:**

Formålet med planen er utviding av drift og auka aktivitet, og må sjåast i samanheng med eksisterande verksemd. Planframlegget er vurdert til å vere delvis i samsvar med overordna plan, men legg til rette for vidare industriutvikling i Svelgen som gir positive ringverknader. Dei negative verknadane er avgrensa, og knytt til mindre justeringar av LNFR areal i eit område som er påverka av bygge- og anleggsaktivitet.

Det er satt krav om at naudsynte funksjonar skal plasserast og utformast som del av føresegnene til planen, men det er ikkje sett krav om kvar interne vegar og utvendig lager skal plasserast med omsyn til eksisterande og ny hall.

Det er gjort vurderingar med omsyn til mjuke trafikantar langs fylkesveg og Strandvegen. Potensialet for gåande og syklande via Strandvegen, samt nyskapt trafikk som følgje av ny tilkomst er vurdert som svært avgrensa. Skilnad i høgde mellom fylkesveg og Strandvegen gjer det krevjande å etablere eige samband for mjuke trafikantar og vurdert som ikkje nødvendig. Det er ikkje innarbeidd som del av planframlegget.

Det er gjort vurdering av områdestabilitet for å avklare omsynet til kvikkleire, og det er kartlagt berg i dagen i tiltaksområdet, både ovan- og nedanfor. Difor vurdert slik at det ikkje er marin leire i planområdet, ergo ikkje eit losneområde for områdeskred. I Planen er det heller ikkje lagt til rette for tiltak som vil vere utsett for stormflo under kote +5 moh, og derfor ikkje naudsynt å innarbeide omsynssoner i høve flaum. Ein marginal del av planområdet overlappar med faresone for skred. Denne delen av planområdet er teke med for å sikre areal til opparbeiding/vedlikehald av muren som grensar til arealet avsett til industri, (IND). Det skal ikkje etablerast tiltak innanfor området som er del av faresona for skred.

For å unngå/avgrense skadar på naturmangfaldet, er det i planframlegget sett krav om avbøtande tiltak i anleggs- og driftsperioden med mål om å unngå spreiding og etablering av framande artar i området. Overskotsmassar som er henta ut frå planområdet skal nyttast vidare/gjenvinnast i samsvar med ressurspyramiden for overskotsmassar av jord og stein.

For støy og forureining er ikkje dei planlagte tiltaka i direkte nærleik til bustadar eller legg til rette for funksjonar/tiltak som føreset etablering av uteopphaldsareal som del av planen. For

bygge- og anleggsarbeid følger det krav om at støyretningslinjene i T-1442/2021 kap.6 skal overhaldast.

Eksisterande hall er tilknytt fjernvarmesystem som nyttar overskotsvarme frå Elkem Bremanger, og det er lagt til grunn at ny hall vil kunne ta i bruk tilsvarande system for oppvarming.

Det er ikkje planlagt endring på eksisterande vassforsyning. Behovet for forbruksvatner uendra og stetta, forsyning av sløkkevatn skal etter TEK17 §11-17 ha kapasitet på 50l/s. Bremanger kommune opplyser at eksisterande leidningsnett har kapasitet på 20l/s, det føreligg ikkje nettmodell eller tappetest for området. Tiltaket må syte for at naudsynt sløkkevassmengd blir stetta som del av utbygginga, anten i samråd med kommunen si VA-avdeling, ved etablering av privat supplering, eller andre brannsikrande tiltak som del av bygningsutforminga. Aktuelle tiltak må utgreiast og avgjerast i detaljprosjekteringa.

I tråd med nasjonale anbefalingar er klimapåslaget på 40%. For handtering av overvassflaum er det lagt til grunn to prinsipp: Konsentrert flaumveg, eller diffus avrenning. For konsentrert flaumveg er vidareføring av eksisterande mur i nordvest på eksisterande industriområde antatt. Ved diffus flaumveg er det antatt at muren vert perforert. Nærmare utgreiing og val av løysing må avklarast som del av detaljprosjekteringa av tiltak, og må dokumenterast og følgje som del av byggesaka.

Klimagasskalkulator fra NIBIO og Miljødirektoratet er nytta i utrekninga av utslepp frå arealbruksendring. DFØ sitt referanseverktøy er nytta i utrekninga av utslepp under etablering av bygg, samt drift og vedlikehald. I tillegg er Statens Vegvesen sitt verktøy «VegLCA» nytta i utrekninga av utslepp frå massehandtering. Samla er tiltaket estimert til å generere 670 tonn CO<sub>2</sub>. Etter miljødirektoratet sin rettleiar M-1941 er tiltaket godt under terskelen som seier at tiltak med venta klimagassutslepp under 2 000 tonn CO<sub>2</sub> er gitt «ubetydelig konsekvens».

Vi vurderer at planen inneheld nødvendige utgreiingar og oppfyller krava slik at planen kan leggest ut til offentleg høyring

#### **Økonomiske konsekvensar av framlegg til vedtak:**

Ikkje relevant